

## Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 12. juni 2023 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Daniel Jung (digital kultur), Carl Börstell (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Matti Wiik (klassisk), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Sarita Helen Øygard, Saskia Cowan og Marielle Larsen (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Frå studieadministrasjonen: Lene Tøftestuen, Veronica Christensen, Helga Ramstad Vatsaas og Maria Skjelbred Meyer

Meldt forfall: Keld Hyldig og Ilka Wunderlich

Ikkje møtt: Peter Svare Valeur

### Saksliste

|  |   |
|--|---|
| UUI-sak 9/23: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat..... | 1 |
| UUI-sak 10/23: Orienteringssaker .....                             | 2 |
| Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar .....          | 2 |
| Orienteringssak 2: Frist for emneplanendingar .....                | 3 |
| Orienteringssak 3: Systematisk arbeid med studiekvalitet .....     | 3 |
| Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2023 .....     | 3 |
| Orienteringssak 5: Studieporteføljeprojektet ved HF.....           | 4 |
| Orienteringssak 6: Møtedatoar hausten 2023 .....                   | 4 |
| UUI-sak: 11/23 Drøftingssaker .....                                | 4 |
| Drøftingssak 1: Utfordringar med Chat GPT.....                     | 4 |
| Drøftingssak 2: Velkomstmøte for nye bachelorstudentar .....       | 5 |
| UUI-sak 12/23: Ymist.....  | 5 |

UUI-sak 9/23: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Vedtak: UUI godkjenner innkalling, saksliste og referat

## UUI-sak 10/23: Orienteringssaker

### Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar

Eike: Innstilling til den andre norrøntstillinga er sendt og vi er glade for at dette blir avgjort før sommaren. Ei veker konferanse neste veke med om lag 25 deltakarar. Vi har hatt Erasmus-utveksling begge vegar med Bonn (lærarutveksling). Ønsker å få til Cotutelle.

Frode: Vi har sensur no, og det går bra. Frå hausten har vi ein prof. 2 frå København. Vi er spente på redesign av lektorprogrammet. Det er den viktigaste saka for oss no, men der ventar vi på respons frå leiinga. Når vi får den, må vi revidere alle programma. Vi har planlagt seminar i august i to dagar. Eg har vore på møte i Nasjonalt fagråd. Viktig tema denne gongen, bruk av retteprogram på saleksamen. Nasjonalt fagråd blir ikkje einige. Om det er tillate, må det gå tydeleg fram av emneplan.

Ingrid: Vi har planlagt heile det nye emnet for teatervitskap, digital kultur og kunsthistorie. Det har gått veldig fint å samarbeide om å bygge opp dette tverrfaglege emnet. Vi er glade for at instituttet har bidratt med ekstra undervisningsassistentar. Det blir mange fine institusjonsbesøk. Vi har hatt ein del mastereksamenar. Alt går som det skal.

Ragnhild: Eg administrerer det som skal skje vidare, og vi skal få inn to 20%-stillingar til hausten (ulektorar). Elles går alt sin gang. Vi har funne undervisningsassistentar til kurs vi skal ha til hausten.

Sarita: Dei fleste har sommarferie. Vi har hatt møte i IU og vi har valt nytt styre. Vi har diskutert nytta av å ha ein engasjert fagkoordinator. På kunsthistorie har vi ein veldig engasjert fagkoordinator, og det hadde vore fint òg for dei andre studieprogramma. Vi er glade for det nye tverrfaglege innføringsemnet.

Saskia: Norrønt fagutval hadde nyleg eit møte. Det er snakk om å skape eit filologisk fagutval der vi tar med gresk og latin. Det er eg litt skeptisk til, men vi vil gjerne prøve.

Marielle: På littvitt blir fagutvalet lagt ned sidan vi ikkje får med oss folk. Vi håpar nokon nye vil ta over til hausten.

Sarita: Vi vil invitere studentar frå littvitt til våre møte for å vise korleis ein kan drive fagutval.

Matti: Vi har hatt besøk frå Mathilde Skoie frå UiO. Ho har skrive ekstern fagfelle-rapport. Ho sa mellom anna om at vi ikkje måtte vere for smålåtne når det gjeld digital dugleik. Ho hadde ein runde med studentane, og det førte til at studentane kom i kontakt med kvarandre og ville skipe fagutval. Det har vi mangla lenge, men no har det forhåpentleg losna. Vi har hatt ein artig gjeng på latinsk prosa der fleire vil halde fram. Så vi håpar å hanke inn fleire på enkeltemna og programma våre.

Agnete: Vi er i gang med eksamensperioden. Vi trur vi har betre gjennomføring enn i fjor. Vi har òg fått fagfellevurdering. Vi ventar på avklaring om kven vi får av stipendiatar til hausten, og korleis det går med stillinga til Ivar Utne. Fagfellevurderinga er positiv til masterprogrammet, men dei saknar arbeidslivsrelevans. Vi ønsker å organisere seminar med alumni. På nordisk er retteprogram slått av, og det er ikkje føremålstenleg. Det kan dei bruke alltid elles, og vi synest det er meir realistisk.

Calle: Vi har fått gjenoppretta fagutvalet i lingvistikk. Dei har gitt tilbakemeldingar om endringar dei ønsker at vi skal gjere i emneplanane. Vi har framleis ein prof. 2 som erstatning for Vadim. Vi får vikar til hausten. Vi har tre phd-stillingar under utlysing. Vi prøver å dra program og undervisning litt i retning av teiknspråk sidan to av dei tilsette forskar på dette. Vi ønsker å få til eit kurs som heiter «språk på tvers av modalitetar». Vi skal arrangere teiknspråkkonferanse her i Bergen. Frå 1. januar har vi ein ekstern fagfelle, Laura Janda.

Daniel: Å sjå framover er ikkje så lett når fortida lagar premissane. Vi har fått ein SFF, og det skil seg frå undervisninga. Det er to einingar. No er vi éin person att som underviser, men vi har lyst ut vikarar. Frist 25. juni. Vi skal få tilsetje prof. 2, men det er 20% og tidsavgrensa. Situasjonen er svært krevjande. I eksamenstida har vi 20 masterstudentar, som er tre gonger meir enn vanleg. Vi har samarbeidet med teatervitskap og kunsthistorie som vi er glade for, og eg ønsker å utvide dette samarbeidet til å omfatte fleire kurs. Vi får ein spesialist på besøk i august der vi skal lage eit heildagsseminar om eksamensspørsmål. Korleis skal dette reflektere undervisninga, og vi vil gjerne invitere heile UUI inkludert studentane. Vi vil lage eit forum for estetikk/pedagogikk.

### Orienteringssak 2: Frist for emneplanendringar

Frist for å melde inn emneplanendringar som skal gjelde frå våren 2024, er 1. juli. Då må programstyrevedtak og kvalitetssikring vere klart.

### Orienteringssak 3: Systematisk arbeid med studiekvalitet

Heming har dei to siste åra vore leiar av fakultetets studiekvalitetskomité. Studiekvalitetssystemet fungerer. Eigenvurderingar skal skje årleg, og emneevalueringar skal skje kvart tredje år. Og kvart femte år skal vi skrive programevalueringar. Alle program skal ha ekstern fagfelle, og den eksterne fagfellen har løpande dialog med fagmiljøet, og fagmiljøet ber om innspel frå denne. Når programstyreleiar kvart 5. år skal skrive sin rapport, er det veldig fint at fagets hukommelse er dokumentert gjennom eigenvurderingar, emneevalueringar og årlege rapportar frå ekstern fagfelle. Studiekvalitetskomiteen har eksistert i tre år. Dette er meiningsfullt og lærerikt for komiteen. Komiteen gir tilrådingar til fakultetsstyret. Det er viktig at ein følgjer syklusane og at ein dokumenterer der det skal dokumenterast. Det er viktig at ein oppmodar studentane om å delta i studiebarometeret til dømes. Det er kriterium som fleire slit med å synleggjere, som til dømes arbeidslivsrelevans. Studentkontakten er òg veldig viktig.

Eike: Korleis sikrar vi at framlegg til endringar blir implementerte?

Heming: Når rapportane er leverte og ferdig handsama, går det tilbake til programstyra, og då er det opp til desse å følgje opp.

### Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2023

Vi har fleire midlar enn vi hadde sett føre oss, vi ber om at de sender grunngjevne søknader til Signe dersom de har behov ut over det som allereie blei tildelt av timar for heile året tidleg i vår.

## Orienteringssak 5: Studieporteføljeprojektet ved HF

Det har vore laga eit forprosjekt som blei leia av Svein Ivar Angell, og det finst ein rapport. Denne kan vi sende til UUI. Kva slags struktur skal vi ha i åra framover? Dette er eit viktig arbeid. Fakultetets portefølje er ikkje økonomisk berekraftig slik han er no i dag. Dette stressar organisasjonen. Små fag kan kjenne seg urolege. Dette handlar mindre om å miste stillingar enn å trygge dei. Korleis kan vi rigge oss slik at vi kan trygge drifta vår. Finansieringsmodellen som baserer seg på produksjon, vil bli vidareført i sterkare grad. Grunntildelinga vil bli mindre og ein må basere seg meir på resultatmidlar. Det er ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med dette. Der skal instituttleiarane ved fakultetet sitje.

Frode: Dette handlar vel både om gjennomføring og rekruttering?

Heming: Rekrutteringa har vi til dels, men det er mange som fell frå.

Frode: Open dag fungerer ikkje som rekrutteringsarrangement. Vi prøver å institusjonalisere skulebesøk. Vi har universitetsskular, og dit vil vi reise for å snakke med elevane.

Eike: Lærarutveksling internasjonalt kan òg hjelpe til.

## Orienteringssak 6: Møtedatoar hausten 2023

4. september

23. oktober

4. desember

## UUI-sak: 11/23 Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: utfordringar med Chat GPT

Det føreligg per no ingen sentrale føringar på korleis vi skal halde oss til dette. Instituttet kan ikkje bestemme retningslinjer for denne bruken på eiga hand, men kva ønsker vi å spele inn til fakultetet i deira arbeid med å lage rutinar for dette?

Agnete: Dersom dette fører til at fleire går over til skuleeksamen, er universitetet rigga for dette?

Daniel: Dette er ei presserande sak, vi kan ikkje vente. Korleis handterer vi det pedagogiske? Kva er det juridiske handlingsrommet?

Heming: Det er ikkje berre ei lokal eller nasjonal sak. Dette er ei global sak. Når det gjeld plagiering, har vi programvare. Kanskje har vi betre programvare i framtida som kan kjenne att bruk av kunstig intelligens.

Eike: Vi må prøve å finne problemstillingar og oppgåver som det er vanskeleg for KI å svare på.

Marielle: Vi har testa litt, og ser at KI ikkje greier å svare så godt, men det ville vi nok ikkje ha oppdaga som mindre erfarne studentar.

Daniel: Kan vi invitere fakultetet til første møte i UUI til hausten for å informere oss om arbeidet dei gjer der vi kan kome med innspel.

Signe: Dette bør vi òg spele inn til Studiestyret.

Frode: Det går an å gjere førebyggande arbeid. Snakke med studentane. Dette har dei ikkje noko utbyte av!

Ingrid: Førebudd munnleg eksamen er ei enkel vurderingsform der vi ser kor godt dei arbeider. 20 min presentasjon og 10 min diskusjon.

## Drøftingssak 2: Velkomstmøte for nye bachelorstudentar

LLE har tradisjonelt sett ikkje hatt så gode erfaringar med møtet med nye BA-studentar i studiestartveka. Vi ønsker å lage eit litt meir fagleg interessant opplegg som kanskje kan verke meir føremålstenleg. Kan det vere aktuelt til dømes at representantar for nokre av fagmiljøa har ein minidebatt eller liknande om eit aktuelt tverrfagleg tema som kan femne om dei fleste av våre fagområde?

Sarita: Debatt er ein god idé, eller at ein diskuterer noko som nyleg har vore debattert i media.

Heming: Kva med teateret som lokasjon?

## UUI-sak 12/23: Ymist

Ingen saker blei melde.